



VINJE

# Utmarksoppsyn i Vinje kommune

Oppsummering og evaluering av prosjektperioden

2020 – 2022



## Innleiing

Våren 2020 starta Vinje kommune i samarbeid med reiselivet og landbruket arbeidet med prosjekt utmarksoppsyn som skulle ha ein varigheit på 3 beite-sesongar.

Målet med prosjektet var å sikre at både reiseliv og landbruk, som er hovudsatsing for næring i Vinje kommune, skulle kunne få høve til å utøve sine aktivitetar i forståing med kvarandre sine interesser og behov.

Både næringane nyttar i perioden frå 15. juni – 15. oktober den same utmarka - høvesvis til friluftsliv og beitebruk. Over ein 3 års perioden ynskte Vinje kommune, reiselivet og landbruket å foreta observasjonar knytt til bruk av utmark, både i forhold til aktivitet blant folk som nyttar fjellet, korleis vart bandtvang reglar etterfylgt og observasjon av beitedyr.

## Oppsummering/evaluering

I dei komande avsnitta finn dykk info om sjølve prosjektet, oppsummering etter kvar sesong både frå utmarksoppsynet sjølv og næringskontoret med administrative ansvar. Til slutt kjem ei fullstendig oppsummering/evaluering av dei tre sesongane frå næringskontoret og styringsgruppa.

## Bakgrunn

Til grunn for prosjekt utmarksoppsynet i Vinje ligg eit prosjektnotat – samt vedtak i kommunestyret 6.2.2020. Kort fortalt er dette eitt prosjekt med oppsyn i utmarka med varigheit på tre år - for å sikre at både landbruket og reiselivet får høve til utøve sine aktivitetar i forståing med kvarandre sine interesser og behov. Reiseliv og landbruk er hovudsatsing for næringssverksemid i Vinje kommune – og nyttar den same utmarka høvesvis til friluftsliv og beitebruk. Om ein skal oppnå god næringssutvikling i tråd med kommunale planer, er det avgjerande å sikre at både næringane får høve til utøve sine aktivitetar side om side. Det er viktig å halde interesseomsetnadane på eit lågt nivå, og i staden auke kontakten mellom grunneigarar, landbruket og reislivsnæringa.



Det er i prosjektnotatet nemnt fleire utfordringar i høve til bruk av utmark og oppgåver som blei pålagt oppsynet. Likevel var det særleg fokus på beitedyra og laushundar, samt det å vere eit vertskap i utmarka med rettleiing og kontakt med folk som ferdast (vertskapsrolla).

## Organisering

Utmarsoppsynet er finansiert som eit spleiseland mellom landbruksorganisasjonane i Vinje, beitelag, Rauland Turist, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark og Vinje kommune. Alle har representantar i styringsgruppa i tillegg til miljøkrimkoordinator i Sør-Øst Politidistrikt. Vinje

kommune ved næringskontoret har det administrative ansvaret ved rådgjevar for reiseliv Aud Irene Kittelsen og landbruksrådgjevar Thor Christiansen. Kommunen har også arbeidsgjevaransvaret.

### **Utmarksoppsyn**

Utmarksoppsynet vart lyst ut som ei heil stilling eller to delte stillingar for ein prosjektperiode på 3 år. Arbeidsperioden har vore frå om lag 15. juni til 15. oktober kvart år. Rune Aarhus busett i Øyfjell og Knut Olav Edland busett i Edland vart tilsett og har fungert i 50 % stilling kvar.

### **Gjennomføring**

I all hovudsak har utmarksoppsynet fungert slik at Knut Olav har hatt mest oppsyn i dei vestlegare delar av kommunen medan Rune har hatt mykje oppsyn lenger aust. Begge har hatt utgangspunkt frå eigen heim i staden for å ha eit fast møtepunkt på kommunehuset for så å reise ut. Dette sparar ein del køyring og har fungert som ei praktisk god løysing. Det har likevel vore køyrd mange kilometer i løpet av perioden. Ein rekk gjerne over 1 – 3 område på ein dag, avhengig av kva ein ser etter og kor lang tid ein nyttar på det enkelte område.

Det har vore prioritert område knytt til dei stadar der beitelag har gjeve uttrykk for mest utfordring med tilhøva mellom beitedrift og andre som ferdast i fjellet. Det har også vore eit mål å dekke opp dei fleste område i kommunen, dette har vore relativt godt dekt.

### **Ressursar**

Det er ein 100% stilling som er fordelt på dei to utmarksoppsyna i sesongane. Begge har nyttet eigen bil i arbeidet. Det er gitt ei godtgjering for bruk av eige utstyr som klede, sko, kikkert, gps, skrivesaker osv. Utmarksoppsynet nyttar eigen bil i teneste og skriv reisegodtgjersle for dette. Sesongane går i frå 15 juni til 15 oktober. I forkant av dei tre sesongane er det blitt avvikla møter med oppsynet. Det har også vore møter der miljøkoordinator for politidistrikt sør aust, Jon Galteland også har delteke. Frå sesongen 2021 hadde utmarksoppsynet avgrensa politimynne.

Næringskontoret i Vinje har fungert som administrasjon og arbeidsgjevar. Karane sjølve har i hovudsak har gjort den fortløpende daglege organiseringa av oppsynet.

Elles har utmarksoppsynet hatt refleksvest og anna klede med logo som uniform, og ei magnetplate til å ha på bilen der det står Utmarksoppsyn og Vinje kommune. Ved saker der utmarksoppsynet er i tvil om praksis er det næringskontoret som har vorte kontakta eller det enkelte beitelag dersom det er relevant. Det er innhenta opplysingar om dei ulike beitelag og kart over områda slik at utmarksoppsynet kan ha me dette i sitt daglege arbeid.

### **2020 sesongen**

Sesongen 2020 var fyrste år i prosjektet. Grunna koronasituasjonen vart det noko usikkerhet rundt gjennomføring og oppstart. Det lukkast likevel å setje i gang prosjektet og 2 tilsette starta i 50% stilling kvar f.o.m. 15. juni. Dette var viktig då det var mykje fleire folk i fjellet i

den sommaren enn normalt grunna koronasituasjonen. Det vart styringsgruppemøte i forkant der det vart framlagt ynskje frå bondelaget om å handheve eventuelle lovbrot knytt til bandtvang strengt. Dette vart teke med vidare, og har vore eit fokusområde i det daglege oppsyn knytt til føresegn om bandtvang i kommunen.

Totalt har utmarksoppsynet over 600 timer i utmark i Vinje kommune i desse 4 månadane. Vertskapsrolla har talt 1503 personar i perioden. Det har vore utelukkande positive tilbakemeldingar og mange trivelege samtaler. Samstundes er det ført tilsyn med 194 hundar. Som fylgje av dette er to hundeeigarar meld for brot på føresegn om bandtvang, medan ein hundeeigar har motteke rettleiing.

Det har vore god dialog med dei fleste beitelag og det er gjennomført tilsyn i dei fleste område av kommunen. Det er satt mest fokus på område med mykje turistar og tidlegare uttalte problem med laushund i høve sau på beite.

Andre utfordringar som har dukka opp er knytt til parkering ved populære turmål og slitasje på stiar. Høg fart på bilar innover Kråmvikvegen og til Bitdalsdammen er og ei utfordring både for beitedrift og for andre mjuke trafikantar.

Prosjektet med utmarksoppsyn har fenge ein del merksem og mykje positiv omtale både lokalt, regionalt og i faglege fora for landbruket.

Ein viktig faktor som blir peika på av mange som positiv, er rapportar som kvar veke vert lagt ut på kommunen si heimeside og sosiale media.


#### **Oppsynet sine tankar om 2020 sesong**

Det vil fortsatt vere viktig å halde fokus og trykk på dette med bandtvang på tross av at det er relativt få hendingar oppsynet har vore borti. Dette er styringsgruppa einige om at har ein god førebyggjande effekt, og at dette må halde fram.

Utmarksoppsynet er svært glad for endå tettare dialog med særskilt sauebønder om ynskjer for kvar ein skal gange.

Utmarksoppsynet i lag med næringskontoret og miljøvernkoordinator Jon Galteland jobbar vidare med å sikre avgrensa politimynde for 2021.

#### **Kommentar i frå næringskontoret**



Sesongen 2020 blei evaluert av styringsgruppa i møte den 27.10.2020. Det er gode og positive tilbakemeldingar frå alle. Det kan mellom anna nemnast at det har vore viktig å ha rapportar på kommunen sin side på Facebook kvar måndag – og at dette blir delt av organisasjonane. Det er kommentert at det truleg er mykje laushundar – sjølv om oppsynet ikkje har observert dei.

Vidare har det kome kommentar frå politiet rundt rutinar for å melde brot på bandtvangsreglar til politiet. Det må kome klart fram at det er Vinje

kommune som er melder. Vedkomande må ha ein spesifikk fullmakt i frå kommunen for å kunne melde. Dette må det jobbast med vidare, men truleg vil det blir avklart ved at oppsynet får avgrensa politimynde. Det er og viktig å få ut meir informasjon til hytteeigarane – oppsynet/kommune kjem gjerne på møter for å orientere.

Oppsynet får mykje skryt – og særleg på måten dei har balansert rolla som vertskap i utmarka for turgåarar med å hjelpe landbruket og beitelaga i deira oppgåver.

## **2021 sesongen**

Styringsgruppa har i etterkant av sesongen 2020 hatt møte med utveksling av erfaringar, samt hatt eit møte før sesongen 2021 tok i gang. Her vart det drøfta kva fokusområde som skulle ligge til grunn for utmarksoppsynet. Det har vore tydelege ynskje om at det skal vere vidare fokus på bandtvang også i 2021. Både ved å handheve eventuelle lovbrot strengt, men og å drive førebyggjande verksemd.

Nytt av sesongen 2021 har vore at begge utmarksoppsyn gjennomgjekk kurs og har bestått eksamen i avgrensa politimynde i lovverk knytt til oppsynsoppgåver i utmark.

Totalt har utmarksoppsynet godt over 500 timer i utmark i Vinje kommune i desse 4 månadane. Dette er omlag 80 færre oppsynstimer enn fyrste sesongen, grunna avsett tid til kurs i avgrensa politimynde. Vertskapsrolla har talt 793 personar i perioden 710 færre enn i 2020. Dette samsvarer godt med opplevinga utmarksoppsynet har hatt, betrakteleg færre folk på tur til fjells enn i 2020. Det har samanheng med færre timer ute, men og med kvar oppsynet går. Eksempelvis kan ein tur til Bossnuten i finvær og fellesferie gjerne føre til eit møte med rundt 100 personar. Det har også i år vore mange trivelege samtaler og tilbakemeldingar frå folk oppsynet møter på tur. Det er i løpet av sesongen ført tilsyn med 111 hundar. Ein hundeeigar er i år meldt for brot på føresegner om bandtvang, mot to i 2020. I 2020 blei det kontrollert 194 hundar.

Det er etter ynskje med beitelag i kommunen gjennomført tilsyn i dei fleste beiteområda. Det er også i år satt fokus på område med mykje turistar, og tidlegare uttalte problem med laushund i høve til sau på beite. Det har frå oppsynet vore eit ynskje om nærmare dialog med beitelag og bondeorganisasjonar om kvar og når ein burde ha oppsyn. Det har ikkje vore mange innspel. Me veit det har kome reaksjonar via sosiale media om at me bør gå i område med mindre folk, då det er der det er størst sjans for å møte laushundar. Dette vil vere ei avveging mellom førebyggjande verksemd gjennom å møte mange, eller kanskje større sjans for å møte laushund, men då ha mindre kontaktflate mot turfolket. Her har utmarksoppsynet forsøkt å finne ein balanse utifrå eigen erfaring.



Som ledd i førebygging har oppsynet då vore på ein del turstiar for å opplyse og snakke med folk på tur. Opplysningsarbeidet har også tatt form gjennom korte rapportar som er lagt ut på heimesida, og delt på Facebooksida til Vinje kommune.

Andre oppgåver har vore bla knytt til vegen inn til Kråmvik og Bitdalen. Her har det vore ein del innspel omkring kalvande reinsdyr på våren og kva oppsynet har kunne gjort med dette. Innspel har vore tatt vidare til administrasjonen i Vinje kommune. Det same gjeld innspel omkring betre skilting og nedsett fartsgrense for Kråmvikvegen.

### **Oppsynet sine tankar om 2021 sesong**

Dei viktigaste erfaringane frå dei to fyrste sesongane handlar kanskje ikkje om sjølve oppsynsjobbene, men meir om engasjementet og eigarskapet til aktørar i styringsgruppa. Det er viktig å finne ein måte å senke terskelen for å ta kontakt med oppsynet. Dette gjeld både for beitlag, dei lokale landbruksorganisasjonane og enkelte gardbrukarar. Bruken av sosiale media til å bla dele vekesrapportar bør også bli betre. Det er i stor grad enkeltpersonar som delar vidare. Det har også vore ein del kommentarar på desse delingane frå enkelte gardbrukarar som er misfornøgd eller har ynskjer. Det må vere eit mål at desse tar kontakt direkte, og at oppsynet kan gjere seg meir tilgjengeleg. Det må og vere eit mål at Visit Rauland, samt bondeorganisasjonane delar informasjon. Rauland og Vinje Bonde – og Småbrukarlag har vore flinke her.

Elles er det mykje positive tilbakemeldingar om viktigheten av å setje fokus på dei områda utmarksoppsynet har, både frå turistar og frå gardbrukarar me har snakka med i løpet av sesongen.

### **Kommentar i frå næringskontoret**

Rapporten for 2021 er sendt styringsgruppa for kommentarar. Samarbeide med oppsynet har gått utan problem i heile sommar – dei er sjølvgåande og har god kontroll på kva dei skal. Vi har vore i telefonkontakt nokre gonger. Vi har eit oppstartsmøte i juni – og har eit møte i løpet av sommaren. Møte var på Hovden - i saman med landbruksrådgjevar for Bykle kommune. Det må nemnast at beiteprisen for 2021 frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag blei tildelt Vinje kommune - mellom anna på grunn av utmarksoppsynet og den jobben som Knut Olav og Rune gjer. Elles har oppsynet også i år vore i riksmedia - no særleg i samband med redningsaksjonen av omlag 100 skårfeste geiter i Øyfjell. Vi har og i samarbeid med oppsynet snart ferdig med å utarbeidd ein risikoanalyse for Utmarksoppsynet med fokus på helse, miljø og sikkerheit.

I møte med styringsgruppa for utmarksoppsynet no i mai kom det fram at det under sankinga i Bitdal i fjor var til dels store problem med mykje trafikk og turfolk på dammen. I kontakt næringskontoret hadde med Statkraft, kjem det fram at dei ikkje har noko i mot om beitelaget vil utføre skilting og midlertidig sperre av dammen under sankinga.

## **2022 sesongen sett saman med 2020 og 2021**

Prosjektet har vore gjennomført med to tilsette i 50 % stilling kvar over tre sesongar frå 15.juni til 15. oktober i frå 2020-22. Frå og med sesongen 2021 fekk desse tildelt avgrensa politimynde i høve relevant lovverk som utmarksoppsyn. Det gjeng tydeleg fram av tal at det var mykje folk i fjellet fyrste sesongen, og i så måte viktig å kome i gang med prosjektet. Dette har samanheng med koronasituasjonen, og at folk ikkje drog utanlands på ferie.

Det vart styringsgruppemøte i forkant av starten med oppsynet, der det vart framlagt ynskje frå dei lokale faglaga i landbruket om å handheve eventuelle lovbrot knytt til bandtvang strengt. Dette vart teke med vidare, og har vore eit fokusområde i det daglege oppsyn knytt til føresegner om bandtvang i kommunen. Kommunen har utvida bandtvang.



Det som skil seg litt ut for 2022 sesongen er at oppsynet – etter tilråding i frå styringsgruppa – har valt å gå i litt ukurante tidspunkt og på stader der det normalt ikkje er så mykje trafikk av turgåarar. Dette har sin bakgrunn i meldingar i frå einskilde om mykje laushundar – som utmarksoppsynet ikkje fanga opp på sine turar. Kunne det vere slik at dei som ville sleppe hunden sin laus gjekk på stader og tidspunkt der det ikkje var andre folk ute på tur? Som det går fram av rapporten har oppsynet ikkje kome over fleire tilfelle av hundar utan band.

Totalt har utmarksoppsynet over 1700 timer i utmark i Vinje kommune i løpet av heile prosjektperioden. Som vertskap i utmarka (vertskapsrolla) har oppsynet talt 2718 personar som dei har møtt i perioden. Det har vore mange positive tilbakemeldingar og trivelege samtaler. Samstundes er det ført tilsyn med 350 hundar. Som fylgje av dette er tre hundeeigarar meldt til politiet for brot på føresegner om bandtvang.

Fordelinga på tal personar og hundar etter år er slik:

Sesong	Møtt turfolk - vertskap	Tilsyn med hund	Laushundar
2020	1503 personar	194 hundar	2 hundar
2021	793 personar	111 hundar	1 hund
2022	422 personar	45 hundar	0
Totalt	2718 personar	350 hundar	3 hundar

Det har vore dialog med dei fleste beitelag, og det er gjennomført tilsyn i dei fleste område av kommunen. Det er satt mest fokus på område med mykje turistar, og tidlegare uttalte problem med laushund i høve sau på beite. Det låge talet for 2022 skuldast truleg ein generell nedgang av folk på hyttene, jf. noko tellinga ved stien til Falkeriset også syner. I tillegg har oppsynet bevist gått til litt meir ukurante tidspunkt, samt oppsøkt område der det er mindre folk for å sjå om det er mogleg å treffen på laushundar på denne måten.

Andre utfordringar som har dukka opp er knytt til parkering ved populære turmål og slitasje på stiar. Høg fart på bilar innover Kråmvikvegen og til Bitdalsdammen er og ei utfordring både for beitedrift og for andre mjuke trafikantar. Trafikk rundt sinking har og vore ei utfordring som er satt ord på frå beitelag.

Oppsynet har og fått melding om saltstein/viltstein hengt opp i skogen. I samband med CWD – situasjonen og tiltak mot skrantesjuke på hjortevilt er det ikkje lovleg. Saka er sendt over til Mattilsynet.

Prosjektet med utmarksoppsyn har fenge ein del merksemdu, og mykje positiv omtale både lokalt, regionalt og i faglege fora for landbruket.

**BONDEVENNEN**

Held oppsyn med to- og firbeinte i utmarka

8. september 2020 | Aktuell

**Reddet hundre geiter på fjellhylle: – En spesiell dag på jobb**

Utmarsoppsyn: Nasjonalparkkommunen Vinje byr på flotte turområder. Men dei same områda skal også nyttast som betreibidle. Derfor har kommunen gitt inn for et treng præveprosjekt med utmarksoppsyn. Frå venstre: Thor Christensen, Knut Olaas Edland, Rune Karhus og Aud Irene Klettum.

Turistar og bønder nyttar i perioder den samme utmarka - hevses til friluftsliv og betreibruk. Det skjer ikkje utan utfordringar. Difor har nasjonalparkkommunen Vinje starta ei præveprosjekt med utmarksoppsyn.

Jone Britt Sande

Ein viktig faktor som blir peika på av mange som positiv, er vekerapportane som vert lagt ut på kommunen si heimeside og sosiale media – totalt omlag 50 innlegg på Facebook pluss det som delt vidare. I nokre enkelttilfelle er det og ytt bistand til einskildbønder med anten tilsyn, leiting etter bufe på vidvanke eller til skorfeste dyr. Dette har me måtte gjere vurderingar på i kvart tilfelle i høve til tidsbruk, men i det heile har det vore lite oppmodingar omkring dette.

### Oppsynet sine tankar etter 3 sesongar

Det har vore 3 interessante og lærerike sesongar. Svært mykje folk fyrste året og deretter sterkt minkande i høve folk me møter på tur. Det er svært tydeleg at dei fleste me møter er folk som går innanfor ein avgrensa radius ut frå bilveg/ parkering. Dei aller fleste stoppar til dømes på Falkenuten sjølv om nokre også går lengre innover. Same opplevinga rundt Haukelisæter, korte turar i nærleik til parkering er det dei aller fleste fotturistar nyttar seg av. Fyrste året møtte me fleire litt lengre vekk, men talet av fotturistar var og svært mykje høgare, og det var så og sei berre nordmenn på tur.

Fokusområdet med bandtvang håpar me har hatt ein førebyggande effekt. Det er berre tre tilfelle som er meldt til politiet i prosjektperioden, noko som må seiast å vere relativt lågt tal. Særskilt i høve uttaler frå einskilde gardbrukarar om situasjonar med mykje laushundar. Samstundes vil det heilt klart vere mørketal som oppsynet ikkje fangar opp, dette veit me også gjennom meldingar me har fått nokre gonger om observasjon av laushundar. Vi er og blitt orientert om at politiet i denne perioden ikkje har motteke andre saker om laushundar enn dei i frå utmarksoppsynet.

Det å ha ein avgrensa politimyndighet i høve relevant lovverk er ein styrke som gje betre innsikt i rolla som oppsyn og relevant lovverk. Dette meiner me var riktig å jobbe for som kommunen som prosjekteigar og miljøkoordinator Jon Galteland gjorde.

## **Kommentar i frå næringskontoret**

Samarbeide med oppsynet har gått utan problem også i sommar – dei er sjølvgåande og har god kontroll på kva dei skal. Vi har vore i telefonkontakt nokre gonger. Vi har eit oppstartsmøte i juni – og har eit møte i løpet av sommaren. I 2022 fikk vi ikkje tid til et møte midtveis i sesongen.

## **Oppsummering/evaluering prosjekt utmarksoppsyn Vinje kommune**

### **Næringskontoret**

Vinje kommune v/ næringskontoret er veldig godt fornøyd med prosjektet som no er avslutta.

Me har mange turistar og fastbuande som går på tur, totalt har utmarksoppsynet møtt 2718 i løpet av dei tre åra dei har vore vertskap i utmarka. I tillegg har me mykje sauehald i Vinje - som er heilt avhengig av å ha dyra på utmarksbeite. Områda i utmarka som reiselivet og landbruket nyttar til ulike aktivitetar - synar å være særsviktige - og som dei må dele på og samarbeide om i framtida.

Prosjektet har gjeve betre dialog mellom næringane som nyttar utmarka. Sjølv om ein nok hadde ynskt meir innspel til utmarksoppsyn frå beitelig og bondeorganisasjonar.

Informasjon ut til hytteeigarar har gjennom Rauland turist blitt betre i løpet av desse tre åra.

Eit viktig fokusområde var reglane om bandtvang i Vinje kommune. Næringskontoret opplever at desse har blitt tatt meir omsyn til i løpet av dei tre prosjektåra. Mørketal finnast – vi høyrer litt her og der om at det er laushundar som oppsynet ikkje ser. Vi og politiet har likevel – med eitt unnatak – ikkje motteke konkrete meldingar om laushundar.

Utmarsksoppsynets politimynde har vore viktig, dette gav dei tilsette betre innsikt i rolla som oppsyn og relevant lovverk.

Rapportane som blei delt kvar uke på Vinje kommunes heimeside og Facebook side har vore viktige. Vi har fått gode tilbakemeldingar på at dette har blitt gjort. Likevel kunne deling av desse rapportane vore betre frå fleire av dei involvera organisasjonane.

Næringskontoret er særsviktige fornøyd med den gode balansen som utmarksoppsynet har hatt mellom vertskapsrollen, og sin rolle med å vere tilstade for landbruket.

I koronaåret 2020 - kor me hadde flest besøk i Vinje - såg ein at fleire bevegde seg utanfor stiane. Men dei to påfølgande åra har ferdsla vore meir avgrense til berre å i hovudsak nytte dei merka/opptrakka stiane.

Utmarsksoppsynet observera og i løpet at desse tre åra at det nokon stadar var utfordringar med parkering. Enkelte plassar også stor slitasje på stiar. Dette gjev oss i administrasjonen signaler om at dette er noko som ein må ha fokus på i framtida.

Kråmvikvegen og vegen inn til Bitdalsvatnet er trafikkera veg. Her har farten hos bilistane vært høg. Dette er ein viktig observasjon som også må takast omsyn til. Det er sett opp fareskilt med sau på beite, men dette er truleg ikkje nok.

Konklusjonen frå næringskontoret er at me er veldig godt fornøyde med prosjektet, og me trur at det har blitt ei betre forståing mellom reiselivet og landbruket knytt til bruk av utmark. Terskelen for at desse kan samarbeide betre i framtida trur me har blitt lågare.

Som utmarksoppsynet og nemner så trur vi at fokus som har vore på bandtvang har hatt ein førebyggande effekt.

Rapporten blir no sendt på høyring til dei som har vore med å finansiere utmarksoppsynet - for ein samla evaluering og tilråding for mogeleg vidare aktivitetar.

## Økonomi

Samla sett etter tre år har totale kostnader blitt kr 31 000,- meir enn stipulert. Dette gjeld løn og køyring. Dette har blitt dekt opp med auka løvingar frå Fjellandbruksmidlane, samt at næringskontoret har dekt opp den resterande differansen på kr 11 000,-

Budsjett			Rekneskap			Diff. budsjett - rekneskap
	1 år	3 år	2020	2021	2022	
Kostnad	Sum	Sum				
Løn - feriepenger, arb.g. avgift, for	230 000	690 000	240 000	244 800	244 600	729 400
Køyregodtgjelser	20 000	60 000	24 000	22 400	22 100	68 500
Utstyr - klede, GPS, kart, vest og div	5 000	15 000	10 000		5 000	15 000
Administrasjon, telefon	5 000	15 000	5 000	5 000	5 000	15 000
Opplæring, kurs	5 000	15 000		2 170		2 170
Uforutsette utgifter	5 000	15 000		5 630	5 300	10 930
TOTALT	270 000	810 000	279 000	280 000	282 000	841 000
Finansieringsplan	1 år	3 år	Inntekter			
Finansieringskjelde	Sum	Sum	2020	2021	2022	Totalt over 3 år
Vinje kommune	145 000	435 000	154 000	145 000	147 000	446 000
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark - fjellandbruksmidlar	80 000	240 000	80 000	90 000	90 000	260 000
Beitelaga i Vinje - samla	25 000	75 000	25 000	25 000	25 000	75 000
Landbruksorganisasjonane i Vinje	10 000	30 000	10 000	10 000	10 000	30 000
Rauland Turist	10 000	30 000	10 000	10 000	10 000	30 000
TOTALT	270 000	810 000	279 000	280 000	282 000	841 000